



Innkalling  
av  
Levekårsutvalet

**Møtedato:** 28.08.2018  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00

Eventuelle forfall må meldast til følgjande epost adresse: [Folkevalde@lindas.kommune.no](mailto:Folkevalde@lindas.kommune.no)  
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Orienteringar:

- Tilbodet for tenesta Aktivitetbasert avlastning v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg
- Nordhordlandsprosjektet- status Velferdsteknologi v/Kari Bjørkheim-prosjektleiar

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
038/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/18	Godkjenning av møteprotokoll – 12.06.2818
040/18	Høyringsuttale til Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sjukdommar
041/18	Høyringsuttale til Utviklingsplan HDS 2018-2035
042/18	Reguleringsplan FV57 Gang- og sykkelveg Skodvin - Vågseidet - Framlegg til 1. gongs handsaming.
043/18	Ny Alversund skule og fleirbrukshall – Forprosjekt

21. august 2018

Asle Hetlebakke  
møteleiar

Nora Gjerde  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/18	Levekårsutvalet	PS	28.08.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	18/1834

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
039/18	Levekårsutvalet	PS	28.08.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1834

## Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Levekårsutvalet - 12.06.2018

Møteprotokollen vert godkjent

**Saksopplysningar:**

## Møteprotokoll for Levekårsutvalet

**Møtedato:** 12.06.2018  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00 - 14.40

### Synfaringar:

Kl. 08:45 -Ostereidet ungdomsskule, med Idrettsbygget v/Rektor Arne J. Riisnes  
ca. kl 09:45 -Ostertunet v/Avdelingsleiar Ostereide heimeteneste Merete Møster  
ca. kl..10:45 -Synfaring på byggeplass, nye Knarvik barneskule v/Einingsleiar Eigedom Line M.Valle

### Orienteringar:

-Turlaget-byggeprosjekt i Kalvedalen v/Dagleg leiar Helene Ødven Bergen og Hordaland Turlag og Styreleiar Nordhordland turlag Øyvor Larsen  
-Plan for Knarvik idrettspark v/Einingsleiar Eigedom Line M. Valle

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asle Hetlebakke	KRF	Utvalseleiar
Vetlemøy Wergeland	KRF	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Nestleiar
Anita Bakken	MDG	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tove Linnea Brandvik	AP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Pål Inge Fosse Hopland	AP	Tove Linnea Brandvik
Anna K.Valle	SP	Ingeborg Myksvoll

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Line M. Valle-einingsleiar Eigedom, Terese Folgerø-kommuneoverlege, Ørjan Raknes Forthun-rådmann, Nora Gjerde-sekretær

---

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
033/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
034/18	Godkjenning av møteprotokoll
035/18	Høyringsuttale til Prehospital plan for Helse Bergen HF
036/18	Høyringsuttale til Utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF
037/18	Økonomiplan 2019-2022

### **033/18: Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **12.06.2018 LEVEKÅRSUTVALET**

Endring i saksliste: Sak 036/18 vart handsama før sak 035/18.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **LE - 033/18 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

---

### **034/18: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

#### **12.06.2018 LEVEKÅRSUTVALET**

Møteprotokoll frå møte - 22.05.2018 vert godkjent, samrøystes.

#### **LE - 034/18 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte - 22.05.2018 er godkjent.

---

## **035/18: Høyringsuttale til Prehospital plan for Helse Bergen HF**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga

## **11.06.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Orientering til saka v/Terese Folgerø-kommuneoverlege

Saka vert teke til orientering.

### **RMNF - 025/18 UTTALE:**

#### **Uttale i RMNF - 11.juni 2018:**

Ingen merknader.

## **12.06.2018 ELDRERÅDET**

Kommuneoverlege Terese Folgerø orienterte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **ER - 020/18 UTTALE:**

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga

## **12.06.2018 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/Terese Folgerø-kommuneoverlege

#### **Fellesframlegg: Tillegg til rådmannen sitt framlegg:**

*-Trafikk og uønska hendingar på E-39 mot Bergen, gjer oss sårbare med omsyn til ambulansetransport.*

*-Fører avtalene Helse Bergen har med drosjenæringa til auka press på ambulansane?*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **LE - 035/18 UTTALE:**

#### **Uttale i Levekårsutvalet - 12.06.2018:**

-Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga.

-Trafikk og uønska hendingar på E-39 mot Bergen, gjer oss sårbare med omsyn til ambulansetransport.

-Fører avtalene Helse Bergen har med drosjenæringa til auka press på ambulansane?

---

## **036/18: Høyringsuttale til Utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga

## **11.06.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Orientering til saka v/Terese Folgerø-kommuneoverlege

Saka vert teke til orientering.

### **RMNF - 026/18 UTTALE:**

#### **Uttale i RMNF - 11.juni 2018:**

Ingen merknader.

## **12.06.2018 ELDRERÅDET**

Kommuneoverlege Terese Folgerø orienterte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **ER - 021/18 UTTALE:**

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga

## **12.06.2018 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/Terese Folgerø-kommuneoverlege

**Fellesframlegg: Tillegg til rådmannen sitt framlegg:**

*-Ein bed om at kommunane vert meir involvert i prosessen vidare.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **LE - 036/18 UTTALE:**

#### **Uttale i Levekårsutvalet - 12.06.2018:**

-Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga.

-Ein bed om at kommunane vert meir involvert i prosessen vidare.

---

## 037/18: Økonomiplan 2019-2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventa framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i desember 2018.

Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert lønns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

.....

### 06.06.2018 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet takkar Janne Sund og Hogne Haugsdal for god orientering om Økonomiplan 2018-2019.

Ungdomsrådet forstår at kommunen må ta grep for å halda budsjetta i balanse.

Samstundes ynskjer ungdomsrådet å kommentera nokon av innsparingane frå framlegget til Rådmann.

- Innsparingar Oppvekst:

Ungdomsrådet opplever at innsparingane frå Oppvekst i hovudsak vil ramma dei mest sårbare elevane i kommunen.

Det er veldig trist at tilbodet på Seim gard no går mot slutten, sjølv om det har sin naturlege årsak.

Ungdomsrådet meiner kommunen skulle klårt å finna andre alternative opplæringsarenaer for denne elevgruppa. Ungdomsrådet kjenner mange som har nytt godt av tilbodet på Seim gard, og har høyrte positiv omtale om tilbodet.

Ungdomsrådet er litt usikre på korleis innsparingane med 5-10 årsverk lærarar kan slå ut.

Ungdomsrådet spør likevel, vil skulane klara å ta vare på dei mest sårbare elevane som tidlegare kunne nytta tilbod som Seim gard og LOAS?

Ungdomsrådet meiner at budsjettforslaget set store krav til at kvar enkelt skule no i større grad må klara å tilby alternative opplæringsformer og arenaer, som òg klarer å nå inn til dei mest sårbare.

Ungdomsrådet er skeptiske til forslaget om å avvikla 1 årsverk miljøterapeut i skulen.

Ungdomsrådet er bekymra for det psykiske presset som ungdom i dag opplever, og at mange undersøkingar viser at psykiske problem blant unge stadig er aukande.

Ungdomsrådet meiner at det aller viktigaste i skulekvardagen er trivsel. At det er viktigare å trivast sosialt på skulen enn å vera flink i skulefaga.

Fleire av medlemmane i ungdomsrådet har sjølv fått oppleve kva for ein ressurs og tyding det har når skulen har miljøterapeut eller miljøarbeidar på skulen.

At det er tilsette på skulen som jobbar miljøretta har vore veldig positivt for det generelle elevmiljøet på dei skulane der eit slikt tilbod finst. I tillegg har dette tilbodet vore positivt for dei enkelte elevane som har hatt behov for å snakka med ein litt uavhengige voksen om ulike utfordringar. På den måten veg miljøterapeuten opp for at det ikkje alltid er ei helsesystem tilgjengeleg, og dei er viktige for å



skapa god trivsel.

Ungdomsrådet meiner kommunen burde ha som ambisjon at alle skulane har tilbod om miljøterapeut minst to gonger i veka, og at isolert sett er det større konsekvensar for elevmiljøet og trivselen ved å avvikla 1 årsverk miljøterapeut samanlikna med 1 årsverk lærer.

Ungdomsrådet meiner at når tilbod som Seim gard og LOAS avviklast, og helsesystemene må utføra fleire sekretæroppgåver og det vert færre lærarar, så burde kommunen kompensera dette med å styrkja ressursane til miljøarbeid i skulane og heller auka rammene til miljøterapeutar.

- Hall Ostereidet

Ungdomsrådet ynskjer at kommunen held på den opphavlege planen om å byggja ein ny hall på Ostereidet allereie i 2019 .

Ungdomsrådet er redd for at ein utsetting på 3 år kan vera starten på fleire rundar med utsetting, då det vil vera opp til nytt kommunestyre i Alver kommune å ta denne saka vidare og ingen veit kva for prioriteringar eit nytt kommunestyre måtte opptakast av.

Ungdomsrådet meiner det er uheldig å utsetja bygginga, når kommunen alt har engasjert mange ungdomar både i samband med områdeplan for Ostereidet og i samband med innspel til byggeprogram for den nye hallen.

Ungdomsrådet har tidlegare handsama saka om ny hall på Ostereidet, som dei stiller seg veldig positive til.

Ungdomsrådet meiner at ein styrking av tilbodet på Ostereidet vil gjera det meir attraktivt for ungdom i området Hjelmås-Leiknes å velja Ostereidet ungdomsskule. Når det i dag er ei utfordring at mange elevar søkjer seg til Knarvik ungdomsskule, vil det for kommunen som heilskap vere lurt å gjera Ostereidet meir attraktivt.

Ungdomsrådet har allereie i samband med byggeprogram for den nye hall gjeve innspel om at det bør setjast av areal til ungdom, gjerne ein ungdomsklubb. Ungdomsskuleelevar på Lindås og Knarvik har tilgjenge til fleirbrukshall, det har ikkje elevane på Ostereidet.

#### **UR - 024/18 UTTALE:**

Ungdomsrådet takkar Janne Sund og Hogne Haugsdal for god orientering om Økonomiplan 2018-2019.

Ungdomsrådet forstår at kommunen må ta grep for å halda budsjetta i balanse.

Samstundes ynskjer ungdomsrådet å kommentera nokon av innsparingane frå framlegget til Rådmann.

- Innsparingar Oppvekst:

Ungdomsrådet opplever at innsparingane frå Oppvekst i hovudsak vil ramma dei mest sårbare elevane i kommunen.

Det er veldig trist at tilbodet på Seim gard no går mot slutten, sjølv om det har sin naturlege årsak.

Ungdomsrådet meiner kommunen skulle klårt å finna andre alternative opplæringsarenaer for denne elevgruppa. Ungdomsrådet kjenner mange som har nytt godt av tilbodet på Seim gard, og har høyrte positiv omtale om tilbodet.

Ungdomsrådet er litt usikre på korleis innsparingene med 5-10 årsverk lærarar kan slå ut.

Ungdomsrådet spør likevel, vil skulane klara å ta vare på dei mest sårbare elevane som tidlegare kunne nytta tilbod som Seim gard og LOAS?

Ungdomsrådet meiner at budsjettforslaget set store krav til at kvar enkelt skule no i større grad må klara å tilby alternative opplæringsformer og arenaer, som òg klarer å nå inn til dei mest sårbare.

Ungdomsrådet er skeptiske til forslaget om å avvikla 1 årsverk miljøterapeut i skulen.

Ungdomsrådet er bekymra for det psykiske presset som ungdom i dag opplever, og at mange undersøkingar viser at psykiske problem blant unge stadig er aukande.

Ungdomsrådet meiner at det aller viktigaste i skulekvardagen er trivsel. At det er viktigare å trivast sosialt på skulen enn å vera flink i skulefaga.

Fleire av medlemmane i ungdomsrådet har sjølv fått oppleva kva for ein ressurs og tyding det har når skulen har miljøterapeut eller miljøarbeidar på skulen.

At det er tilsette på skulen som jobbar miljøretta har vore veldig positivt for det generelle elevmiljøet på dei skulane der eit slikt tilbod finst. I tillegg har dette tilbodet vore positivt for dei enkelte elevane som har hatt behov for å snakka med ein litt uavhengige voksen om ulike utføringar. På den måten veg miljøterapeuten opp for at det ikkje alltid er ei helsesystem tilgjengeleg, og dei er viktige for å skapa god trivsel.

Ungdomsrådet meiner kommunen burde ha som ambisjon at alle skulane har tilbod om miljøterapeut minst to gonger i veka, og at isolert sett er det større konsekvensar for elevmiljøet og trivselen ved å avvikla 1 årsverk miljøterapeut samanlikna med 1 årsverk lærer.

Ungdomsrådet meiner at når tilbod som Seim gard og LOAS avviklast, og helsesystemene må utføra fleire sekretæroppgåver og det vert færre lærarar, så burde kommunen kompensera dette med å styrkja ressursane til miljøarbeid i skulane og heller auka rammene til miljøterapeutar.

- Hall Ostereidet

Ungdomsrådet ynskjer at kommunen held på den opphavlege planen om å byggja ein ny hall på Ostereidet allereie i 2019 .

Ungdomsrådet er redd for at ein utsetting på 3 år kan vera starten på fleire rundar med utsetting, då det vil vera opp til nytt kommunestyre i Alver kommune å ta denne saka vidare og ingen veit kva for prioriteringar eit nytt kommunestyre måtte opptakast av.

Ungdomsrådet meiner det er uheldig å utsetja bygginga, når kommunen alt har engasjert mange ungdomar både i samband med områdeplan for Ostereidet og i samband med innspel til byggeprogram for den nye hallen.

Ungdomsrådet har tidlegare handsama saka om ny hall på Ostereidet, som dei stiller seg veldig positive til.

Ungdomsrådet meiner at ein styrking av tilbodet på Ostereidet vil gjera det meir attraktivt for ungdom i området Hjelmås-Leiknes å velja Ostereidet ungdomsskule. Når det i dag er ei utfordring at mange elevar søker seg til Knarvik ungdomsskule, vil det for kommunen som heilskap vere lurt å gjera Ostereidet meir attraktivt.

Ungdomsrådet har allereie i samband med byggeprogram for den nye hall gjeve innspel om at det bør setjast av areal til ungdom, gjerne ein ungdomsklubb. Ungdomsskuleelevar på Lindås og Knarvik har tilgjenge til fleirbrukshall, det har ikkje elevane på Ostereidet.

## **07.06.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Økonomisjef Janne Sund orienterte.

Framlegg:

Økonomiplan 2019- 2022 vert teke til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Uttale til økonomiplanen frå Utdanningsforbundet Lindås**

Rådmannen kjem med forslag til store kutt innan skule. Kommunalsjef Kristin Moe meiner at kutta er akseptable. Om ein har oversikta over alle relevante tal og faktorar, er det for Utdanningsforbundet Lindås ikkje mogleg å vere einig med kommunalsjefen.

#### Her er dei viktigaste tala:

Frå skuleåret 2015/16 til og med skuleåret 2018/19:

- Lærarårsverka er kutta frå 214 til 197, ei nedgang på nesten 9%.
- Elevtalet har auka frå 1920 til 1970 elevar, ei auke på 2,5%.
- Sekretærstillingane i skulen vert kutta med 17% frå skuleåret 2017/18 til 2018/19.

Frå skuleåret 2015/16 til og med skuleåret 2020/21 med dei kutta som no er føreslått:

- Lærarårsverka er kutta frå 214 til 187, ei samla nedgang på over 14%. I tillegg forsvinn dei spesialpedagogane som er på Læringscenteret når det skal leggjast ned.

- Sekretærstillingane er redusert med 31%.
- PPT er kutta med éitt årsverk, som utgjer eit kutt på over 10%.
- Elevantalprognosen med ei auke på 2-3% kvart år dei neste åra seier oss at elevtalet på desse fem åra aukar frå 1920 til 2050, ei auke på over 9%.

Lindås kommune har ein god Kvalitetsplan for oppvekst, som seier mykje om korleis kvaliteten skal vere i Lindåsskulane. Dei kutta som allereie er gjennomførte, og dei som no er foreslått, vil i praksis gjera det umogleg å nå måla i planen.

Det vi allereie opplever, er at mobbetala blant elevane går opp. Skulane opplever større og større utfordringar med krevjande elevåtferd. Sjukefråveret til dei tilsette i skulane, som tradisjonelt har vore lågt, er aukande. Færre og færre tilsette skal undervise, støtte, hjelpe og ha omsorg for fleire og fleire elevar. Spesialpedagogisk spisskompetanse forsvinn, noko som aukar utfordringane ytterlegare på den einskilde skule. Krevjande elevåtferd har gjort at kommunen dei siste åra har tilsett miljøterapeutar i skulane. Miljøterapeutane gjer ein fantastisk jobb både med dei mest krevjande og dei mest sårbare elevane. No skal det kuttast i dette tilbodet òg.

Det har i årevis vore sagt at skulane i Lindås kommune i økonomi og bemanning ligg over nivået for samanliknbare kommunar (same kommunegruppe). Desentralisert skulestruktur og naudsynt deling i nynorsk- og bokmålsklassar er to av årsakene til at dette tidlegare har vore tilfellet. Då vi gjekk inn i GSI-tala for skuleåret 2016/17, og samanlikna kvar einskild skule i Lindås kommune med tilsvarende skular (elevtal, skuletype) i andre kommunar, fann vi at Lindåsskulane låg under gjennomsnittleg ressursbruk. Ressursnivået var allereie då lågare enn til dømes i Meland og Radøy.

Lindås kommune som skuleeigar har stort fokus på læringsmiljø og læringsresultat. Utdanningsforbundet Lindås meiner at dei kutta som no er foreslått, uunngåeleg vil gå ut over miljøet og resultatata, og vi vil oppleve nok ei auke i oppmeldingane til PPT når det ikkje er bemanning nok til å gje elevar som treng tilpassa undervisning det dei treng innanfor ordinær undervisning. Elevar og tilsette skal meir enn berre å overleva skuledagane, - dei skal læra og trivast òg.

Knarvik 7.juni 2018

Jarle Næss, HTV Utdanningsforbundet Lindås

### **ADM - 003/18 UTTALE:**

Økonomiplan 2019- 2022 er teke til orientering.

### **11.06.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Orientering til saka v/Janne Sund-økonomisjef

#### **Uttale:**

Kultur: Rådet meiner at det er viktig at ein får behalda kultur- og idrettsmidler. Dette for å sikre at Idrett og kultur er eit tilbod som er likt for alle uansett utfordringar.

Eining for funksjonshemma: Det må vera ein god og trygg prosess rundt flytting. Det er viktig at ingen vert flytta mot sin vilje.

Skule - Avvikle drift læringsssenteret: Rådet er sterkt ueinig i å avvikle LOAS. Denne brukargruppa kan ikkje få eit godt nok tilbod på heimeskulen.

Skule: Reduksjon 5 årsverk: Rådet er bekymra for borna som har behov for og rett til spesialundervisning/tilrettelagt undervisning.

Miljøterapeut: I Lindås kommune har me ikkje kapasitet blant lærarane, helsesøstre, på PPT eller hos kommunepsykolog idag, til å kunne ta oss av dei oppgåvene som miljøterapeuten gjer.

Miljøterapeuten er særskild viktig for born med spesielle behov.

## **RMNF - 024/18 UTTALE:**

### **Uttale i RMNF - 11.juni 2018:**

Kultur: Rådet meiner at det er viktig at ein får behalda kultur- og idrettsmidler. Dette for å sikre at Idrett og kultur er eit tilbod som er likt for alle uansett utfordringar.

Eining for funksjonshemma: Det må vera ein god og trygg prosess rundt flytting. Det er viktig at ingen vert flytta mot sin vilje.

Skule - Avvikle drift læringscenteret: Rådet er sterkt ueinig i å avvikle LOAS. Denne brukargruppa kan ikkje få eit godt nok tilbod på heimeskulen.

Skule: Reduksjon 5 årsverk: Rådet er bekymra for borna som har behov for og rett til spesialundervisning/tilrettelagt undervisning.

Miljøterapeut: I Lindås kommune har me ikkje kapasitet blant lærarane, helsesøstre, på PPT eller hos kommunepsykolog idag, til å kunne ta oss av dei oppgåvene som miljøterapeuten gjer.

Miljøterapeuten er særskild viktig for born med spesielle behov.

### **11.06.2018 ARBEIDSMILJØUTVALET**

Økonomisjef Janne Sund orienterte.

Merknad frå HTV utdanningsforbundet: dersom bygging ny barnehage på Lindås vert utsett må det gjenninførast midlar til vedlikehald av eksisterande barnehage.

Meldinga er teke til orientering med merknad, samrøystes.

## **AMU - 016/18 UTTALE:**

Økonomiplan 2019-2022 er teke til orientering med merknad.

### **12.06.2018 ELDRERÅDET**

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte.

#### **Framlegg til uttale:**

Eldrerådet er svært uroa over framlegget i økonomiplanen som gjeld nedlegging/innsparing på 20 sjukeheimsplassar. Dette i ei tid då kommunedelplan for helse og omsorg viser at det i tida fram til 2025 vert ei auke i tal personar 80+ på 150.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## **ER - 018/18 UTTALE:**

Eldrerådet er svært uroa over framlegget i økonomiplanen som gjeld nedlegging/innsparing på 20 sjukeheimsplassar. Dette i ei tid då kommunedelplan for helse og omsorg viser at det i tida fram til 2025 vert ei auke i tal personar 80+ på 150.

### **12.06.2018 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/Ørjan Raknes Forthun-rådmann

#### **Framlegg frå A. Hetlebakke-Krf:**

Framlegget til økonomiplan vert tatt til orientering. Ein vil koma attende til eventuelle endringar i samband med handsaminga i Formannskapet og Kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## **LE - 037/18 UTTALE:**

**Uttale i Levekårsutvalet - 12.06.2018:**

Framlegget til økonomiplan vert tatt til orientering. Ein vil koma attende til eventuelle endringar i samband med handsaminga i Formannskapet og Kommunestyret.

---

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/18	Eldrerådet	PS	28.08.2018
030/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	27.08.2018
040/18	Levekårsutvalet	PS	28.08.2018
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terese Folgerø	18/2258

## Høyringsuttale til Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sjukdommar

Vedlegg:

Høyring - utkast til Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sjukdommar og utkast til Mandat for og sammensetning av kriseutvalg for beredskap mot biologiske hendelser Nasjonal beredskapsplan(371163)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga

### Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Helse og omsorgsdepartementet har sendt «Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer» på høyring med frist for uttale 24. september 2018. Planen omhandlar handtering av utbrott og legger føringar for korleis dei helsemessige konsekvensane skal førebyggas, handteras og avgrensas i alle samfunnssektorar. Formålet med planen er å hindre sjukdom og død og å legge til rette for å kunne oppretthalde nødvendige samfunnsfunksjonar i alle sektorar.

Alvorlige smittsame sjukdommar er infeksjonssjukdomar som kan medføre høy dødelegheit eller sjukelegheit i befolkninga, og som krev særlig omfattande tiltak. Infeksjonssjukdomar utgjer ein betydeleg trussel mot den globale folkehelsa. Befolkningsvekst, urbanisering, klimaendringar, ein global matmarknad og auka reiseaktivitet er noen tilhøve som bidreg til at

utbrott oppstår hyppigare enn tidlegare og raskt kan spreias over store avstandar.

Forslaget til Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer er basert på gjeldande lovverk og er underordna Nasjonal helseberedskapsplan, som er eit nasjonalt rammeverk for alle typar helsekriser.

## Vurdering

Slik rådmannen ser det gir forslaget til plan ein god oversikt over korleis arbeidet med å førebyggje og handtere utbrott av alvorlege smittsame sjukdomar er organisert.

Formålet med planen er å hindre sjukdom og død og å legge til rette for å kunne oppretthalde nødvendige samfunnsfunksjonar i alle sektorar. Utkastet til plan gir grunnlag for bekymring for at den legg til grunn ein ressurstilgang og ei organisering av helsetenestene som ikkje spegler realitetane godt nok. Dette er særskilt viktig sidan den føreliggande Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer er ein del av eit sentralt hierarki av planar, og derfor legg grunnlag for andre beredskapsplanar, sjå figur (frå planen: tabell 1)



Det er grunn til å peike på følgjande:

1. Kommunane har ikkje berre helsetenesteyting som oppgåve, men treng personell og ressursar til eit mangfald av oppgåver knytt til å oppretthalde nødvendige samfunnsfunksjonar i alle sektorar.
2. Ved eit større utbrott av smittsam sjukdom, som ein pandemi, vil alle delar av den kommunale helse- og omsorgstenesta få auka belastning. Personar som vanlegvis klarer seg sjølv eller med hjelp frå pårørande vil kunne trenge heimesjukepleie. Pasientar som vanlegvis greier seg med heimesjukepleie vil kunne trenge innleggelse i sjukeheim eller i kommunale øyeblikkeleg hjelp døgplassar. Tilsette i kommunen si helse- og omsorgsteneste vil og bli sjuke. Kommunen vil ha auka belastning og reduserte ressursar. Alt dette kan skje før sjukehusa merker auka pågang av pasienter og lenge før det blir pressa intensivkapasitet. Tilsette i alle sektorar vil bli råka av sjukdom, og dette vil kunne føre til ekstra personellmangel i helse- og omsorgstenestene på grunn av stengte barnehagar mm.

3. I punktet 4.9.1. Spesialisthelsetjenesten skriv ein: «For å avlaste sykehusene i en presset situasjon med mange innleggelser som følge av alvorlig smittsom sykdom bør de lovpålagte samarbeidsavtalene mellom kommuner og regionale helseforetak inneholde kriterier for innleggelse, utskrivning o.l.». Ved eit større utbrott av til dømes ein pandemi, er det kommunane som vil bli ramma først og hardest. Årsaka til at pasientar i aukande grad blir innlagde i sjukehus, er at dei er for mange og for sjuke til å bli tatt hand om i kommunen si helse- pleie og omsorgstjeneste. Ein kan derfor ikkje legge til grunn at det vil vere ein reservekapasitet i kommunane som kan «avlaste» sjukehusa.
4. Den lovpålagde samarbeidsavtala etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 6 mellom sjukehus og spesialsithelsetenesten er ikkje eigna for å gje detaljerte kriterier for innleggelse eller utskrivning ut over det som framgår av lovverket elles; mellom anna Lov om kommunale helse og omsorgstjenester, Spesialisthelsetjenesteloven, Helsepersonelloven § 4 om forsvarlighet, Forskrift om kommunal betaling for utskrivningsklare pasienter § 9 (inkludert pkt a-e) om vilkår for at en pasient er utskrivningsklar. Dersom det er nødvendig med større endringer i korleis oppgåvedelinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta skal vere, vil det bli nødvendig at tydelege kriterier blir utarbeidd sentralt. Dersom det er nødvendig å prioritere intensivkapasitet til pandemiramma pasientar, slik at pasientar med til dømes lårhalsbrott ikkje skal innleggast i sjukehus, er det nødvendig at sentrale helsemyndigheiter tar ansvaret for denne nedringa.
5. Pkt 4.9.2. «Den kommunale helse- og omsorgstjenesten» skildrer korleis kommunane kan bistå spesialsithelsetenesta ved eit mindre utbrott av ein smittsam sjukdom. Punktet omtaler ikkje dei utfordringane kommunane vil ha ved eit større utbrott, som til dømes ein pandemi, der det ikkje vil vere tilstekkjeleg kapasitet i kommunane, verken når det gjelde sengeplassar, legar eller anna helsepersonell.
6. Ved ein pandemi må kommunane i tillegg bruke store ressursar på masevaksinasjon.
7. I kapitlet 5. «Økonomiske- og administrative forhold» skriv ein «På generelt grunnlag har den enkelte virksomhet et selvstendig ansvar for å finansiere egen organisering og eget arbeid under utbrudd samt tiltak etter denne planen.» Ved eit større utbrott der alle samfunnssektorar og alle nivå i helsetenesta er ramma, bør planen omhandle korleis primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta kan administrerast som ei helseteneste. Det foregår kontinuerleg ei oppgåveoverføring frå sjukehus til kommunar, utan at dei samla utfordringane og ressursane blir sett under eitt. I ein situasjon med auka oppgåver og reduser ressurstilgang for alle, vil det kunne utgjere ein risiko for befolkninga dersom sentrale helsemyndigheiter legg til grunn at kommunane har ressursar og arbeidsmåter som ikkje er realistiske.



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	27.08.2018
025/18	Eldrerådet	PS	28.08.2018
041/18	Levekårsutvalet	PS	28.08.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terese Folgerø	18/2259

## Høyringsuttale til Utviklingsplan HDS 2018-2035

Vedlegg:

Høyring - Utviklingsplan 2018 - 2035 Haraldsplass Diakonale Sykehus  
Utviklingsplan HDS 2018-2035  
\_Høyringsutkast(375941)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga

### Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Saka skal avgjerast i levekårsutvalet

### Bakgrunn

Nasjonal helse- og utviklingsplan legg til grunn at alle føretak skal utarbeide utviklingsplanar med ein horisont fram mot 2035, og Helse Vest RHF vidareførte dette som bestilling i styringsdokumentet for 2017 til sine helseføretak. Lindås kommune ga i juni 2018 uttale til Helse-Bergen sin utviklingsplan.

12. juli 2018 sendte Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) sitt utkast til Utviklingsplan ut på høyring, og høyringsfrist er 10.september 2018.

### Vurdering

Slik rådmannen ser det er Utviklingsplan HDS 2018-2035 ein god overordna plan. Det er særst positivt at HDS legg vekt på å:

- vidareutvikle det akutte indremedisinske tilbodet
- fortsette med akuttkirurgi og elektiv kirurgi et innanfor utvalte område
- lindrande behandling i samarbeid med kommunane og Helse Bergen

- utvikle det geriatriske tilbudet og saman med samarbeidspartnarar skape ein tydeleg satsing på den eldre pasienten

Det er også positivt at HDS legg vekt på forskning, utvikling og innovasjon, og kommunen ser svært positivt på etablering av ortogeriatri, saman med anna satsing på den eldre pasienten.

Rådmannen vil peike på følgjande

1. **Kommunal medverknad.** I arbeidet med utviklingsplanen har kommunane ikkje blitt tilstrekkeleg involvert. Det har vore to møtepunkt mellom 24 kommunar i heile Helse-Bergen sitt område, Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS). Program og struktur på desse møta har blitt bestemt av spesialisthelsetenesta, og tema definert av spesialisthelsetenesta har blitt diskutert. Kommunar som har HDS som sitt lokalsjukehus har ikkje blitt invitert inn i prosessen med HDS sin utviklingsplan, og ein kort høyringsfrist midt på sommaren, gir heller ikkje mulighet for tilstrekkeleg medverknad frå kommunane.
2. **Heilskaplege pasientforløp.** Det er positivt at planen legg vekt på tverrfaglegeheit og heilskaplege pasientforløp.

Sjølv om HDS ikkje har ein psykiatrisk avdeling, er det viktig at pasientar med psykiske lidningar får kvalifisert psykisk helsehjelp når dei blir lagt inn med somatiske tilstander.

Det blir ikkje drøfta om noe av auken i aktivitet skyldast fleire kortare sjukehusopphald i same sjukdomsforløp på grunn av reinnleggingar, og derfor i realiteten er eit uttrykk for meir fragmenterte pasientforløp. Det er inneber ein risiko for pasienten om han/ho blir skriven ut til sjukeheim, når han/ho i realiteten ikkje er ferdig utreda eller det ikkje er tatt stilling til behandling og vidare forløp.

3. **Samarbeid med kommunar.** Det er viktig at pasientforløp er heilskaplege innanfor sjukehuset, men størstedelen av den enkelte pasienten sitt forløp er i kommunane. Planen nemner fleire gonger at det er viktig å samarbeide med kommunehelsetenesta, men kjem ikkje med forslag til korleis det best kan gjerast, utover noen få eksemplar på gode tiltak.
  1. Det er svært positivt at HDS har gjort overlegar i akuttmottak lett tilgjengelege for telefonkontakt frå fastlegane.
  2. Det er positivt at det blir arrangert møter med fastlegar to gonger i året, og det er kommunikasjon med pleie- og omsorgstenesta.
  3. Det vanskeleg for kommunen å få tilstrekkeleg med medisinske opplysningar om enkeltpasientar som treng behandling, pleie og omsorg etter sjukehusopphald. Kommunen treng dei opplysningane som er lista opp i Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar § 9 pkt. a-e, og plikta til å gje desse opplysningane til kommunen er gitt i Helsepersonelloven § 45 om Utlevering av og tilgang til journal og journalopplysningar: «Med mindre pasienten motsetter seg det, skal helsepersonell som skal yte eller yter helsehjelp til pasient etter denne lov, gis nødvendige og relevante helseopplysningar i den grad dette er

nødvendig for å kunne gi helsehjelp til pasienten på forsvarlig måte.» Det er kommunen sjølv som avgjer kva opplysninger som trengs for å vurdere om kommunen kan gje og korleis kommunen kan gje forsvarleg helsehjelp (medisinsk behandling, rehabilitering, pleie og omsorg).

4. **Oppgåveoverføring til kommunane.** HDS har hatt ein reduksjon i sengetal til tross for auke i aktivitet. Dette skyldast både dagkirurgi og redusert liggetid.
1. Utviklingsplanen drøfter ikkje om noe av auken i aktivitet skyldast fleire kortare sjukehusopphald i same sjukdomsforløp på grunn av reinnleggelser.
  2. Er kortare liggetid og auka dagkirurgisk aktivitet i realiteten avhengig av at oppgåver blir overført til fastlegar, heimesjukepleie, sjukeheimslegar og sjukeheimar? Vi erfarer at pasientar som ikkje fyller kriteria for å vere utskrivningsklar (jf. Forskrift om kommunal betaling for utskrivningsklare pasienter § 9 pkt. a-e) , blir utskrivne til sjukeheim, og at det er nødvendig å legge dei inn igjen fordi problemstillingane ved innleggelse, slik dei var formulert av innleggande lege ikkje alltid er avklart, det har kome fram andre problemstillingar under sjukehusopphaldet og dei er ikkje avklart, det føreligg ikkje alltid eit klårt standpunkt til diagnosar, og det er ikkje alltid ein vidare plan for behandling og oppfølging av pasienten. Vi ser og at pasientar blir meldt som klar for utskriving utan at det føreligg svar på supplerande undersøkingar som t.d. røntgen og blodprøvar, som skal vere grunnlaget for den diagnostikken og behandlinga som skal utførast i sjukehuset.

På bakgrunn av dette kan ein spørje om HDS planlegg for liten sengekapasitet i sin utviklingsplan, og legg til grunn at mange oppgåver før innleggelse (førebuing til dagkirurgi) skal ivaretakast av fastlegar, og at kommunen sine legar og sjukepleiarar skal utføre oppgåver etter utskriving, som eigentleg er ein del av utgreieing og behandling som høyrer til i sjukehus.

5. **Kvalitetsindikatorar.** Utviklingsplanen peiker på at sjukehuset har forbetra seg kraftig innafor dei fleste viktige nasjonale kvalitetsindikatorane sidan 2012. Det hadde vore interessant å få vite kva kvalitetsindikatorar som det er naudsynt å forbetre seg vidare innan, og korleis ein vil nå måla.
6. **Økonomiske og administrative konsekvensar for kommunar** Kommunane har problem med å rekruttere til fastlegeheimlar, og det snakkast om ei krise i fastlegeordninga. Kommunar strever og med å rekruttere til andre stillingar, som til dømes sjukepleiarar. Kommunar får også stadig ny oppgåver innan mange samfunnssektorar, og finansieringa følgjer ikkje oppgåvene i stor nok grad. Haraldsplass diakonale sjukehus kan derfor ikkje legg til grunn ei oppgåveoverføring til kommunane, som ikkje er avtalt eller finansiert.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
082/18	Plan- og miljøutvalet	PS	13.06.2018
	Ungdomsrådet	PS	
032/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	27.08.2018
042/18	Levekårsutvalet	PS	28.08.2018
026/18	Eldrerådet	PS	28.08.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hans Kristian Dolmen	14/7378

## Reguleringsplan FV57 Gang- og sykkelveg Skodvin - Vågseidet - Framlegg til 1. gongs handsaming.

### Vedlegg:

Regplan GSV FV57 Skodvin-Vågseidet Planskildring 151117Regplan GSV FV57 Skodvin-Vågseidet Føresegner 151117Regplan GSV FV57 Skodvin-Vågseidet Plankart R01-R05 151117Regplan GSV FV57 Skodvin-Vågseidet KU-plikt 011017Regplan GSV FV57 Skodvin-Vågseidet ROS-analyse 221217Fagrappport GeologiFagrappport GeoteknikkFagrappport KulturmiljøFagrappport NaturressursarFagrappport Nærmiljø og friluftslivFagrappport Økosystema i ferskvatnNotat - Konflikt med den trondhjemske postveg, alternative traseerNotat - Midlertidig bruk av Den Trondhjemske postveg som GS-vegRegplan GSV FV57 VA-rammeplan 161216VA G-010 Planteikning Profil 0-1250VA G-011 Planteikning Profil 750-2100VA G-012 Planteikning Profil 0-750

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsplan for FV57 Gang-og sykkelveg Skodvin Vågseidet, planID 1263-, ut til høyring og offentleg ettersyn.

1. Plandokumneta kan leggjast ut utan særkilte vilkår.
2. Perioden for høyring og offentleg ettersyn i perioden 20.6.2018 – 20.8.2018.

### Plan- og miljøutvalet - 082/18

#### PM - behandling:

Prosjektlear Kjersti Myre frå Statens vegvesen orienterte i saka. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## **PM - vedtak:**

### **Innstilling i PMU - 13.06.2018:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsplan for FV57 Gang-og sykkelveg Skodvin Vågseidet, planID 1263-, ut til høyring og offentleg ettersyn.

1. Plandokumnetta kan leggjast ut utan særkilte vilkår.
2. Perioden for høyring og offentleg ettersyn i perioden 20.6.2018 – 20.8.2018.

.....

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet.

### **Bakgrunn (Planskildringa s.3-4)**

*«Planarbeidet gjeld etablering av tilbod for mjuke trafikantar langs fylkesveg 57 frå Skodvin til Vågseidet. Strekninga er på om lag 3,2 km. Vegen har ei fartsgrense på 80 km/t med unntak av to strekningar ved Skodvin skule og Vågseidet, der fartsgrensa er 60 km/t.*

*Årsdøgntrafikken (ÅDT) er i overkant av 4000 køyretøy, med ein del tunge køyretøy (13 %).*

*Sør for planområdet er Skodvin knytt til Konglevoll med ein 1,4 km lang gang- og sykkelveg. Denne ligg på austsida av fv. 57. Nord for planområdet, mellom Vågseidet og Lindås tettstad, går (i tillegg til fv. 57) fv. 398 Fjellangersvingane (gamlevegen). Denne vegen kan nyttast av gåande og syklande då trafikkmengda her er låg og fartsnivået er på eit akseptabelt nivå. Frå Lindås tettstad vidare nordover til Mongstad er det sett i gang arbeid med reguleringsplan for å vidareføre gang- og sykkeltilbodet.*

*Skodvin skule er i dag ein privat montessoriskule med om lag 70 elevar. Skulebarna er ei viktig målgruppe for tiltaket.*

*Planen skal sikre god kopling mot tilgrensande vegnett for mjuke trafikantar. Ved Skodvin skule er det planlagt ei gangbru for planfri kryssing av fv. 57, slik at gang- og sykkelvegen frå Konglevoll koplaster saman med den nye gang-sykkelvegen i dette prosjektet.*

- *Utbetring av kryss og avkøyrslar, og sanering av nokre avkøyrslar på fv. 57 er naudsynt og er ein del av tiltaket*
- *Utbetring av busshaldeplassane som ikkje innfrir krava i gjeldande normalar er inkludert i planen og det skal etablerast gangtilkomst mellom haldeplassane og gang- og sykkelvegen*

- Det er og lagt inn forslag om etablering av ein kommunal parkeringsplass i tilknytning til Skausnøya friluftsområde.

Effektmål for tiltaket er:

- Separat tilbod for gåande og syklende
- Trafikksikker veg i samsvar med krav til utforming gitt i handbok N100
- Utbetring av kryss og avkøyrslar, og sanering av avkøyrslar
- Bidra til å auke sykkelandelen til 8 % jf. Nasjonal Transportplan (NTP)

Den Trondhjemske postvei (postvegen) grensar til tiltaket. Planen skal sikre postvegen som kulturminne og leggje til rette for betre tilkomst til postvegen.

I teikningsheftet og på planteikningane er profilnummereringa delt i to. Første del strekkjer seg frå Skodvin skule til Løtveit (gnr./bnr. 99/7). På denne strekninga blir det ikkje endringar på fylkesvegen. Profilar på denne strekninga vert i planskildringa og føresegnene skrive med ein a før profilnummereringa (Pr. a0- a2100). Frå Løtveit til Vågseidet vert bokstaven b nytta (Pr. b0-b1250).

Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing og planprogram, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing §2 og §3, sjå KU-notat vedlegg nr. 16.

### **Gjennomføring av planarbeid**

«Statens vegvesen Region vest legg fram forslag til reguleringsplan for utbygging av gang- og sykkelveg langs fv. 57 frå Skodvin til Vågseidet i Lindås kommune jf. plan- og bygningslova §12-10.

Statens vegvesen utarbeider og fremjar utkast til reguleringsplan, i tillegg til å melde oppstart av planen. Lindås kommune er planstyresmakt og har ansvar for den formelle handsaminga av planforslaget.»

### **Tilhøve til overordna plan og retningslinjer**

Planarbeid skal kome i møte ulike statlege og regionale føringar og mellom anna skal dette arbeidet ta omsyn til:

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge og universell utforming
- Nasjonale mål for kulturminne og kulturmiljø og verneplan for vegar
- Regionale rammer for folkehelse, kultur, klima og energi, transport og vassregion

### **Kommuneplan**

Kommuneplanens samfunnsdel (KPS 2017) har som styringsverktøy ei rekkje mål og strategiar for samfunnsutviklinga i Lindås. Dette framlegget til reguleringsplan kan vere med på å byggje opp under fleire av desse, mellom anna:

#### **Tema 3 Attraktive nærmiljø**

Me vil ha gode, trygge og aktive nærmiljø som fremjar



god helse

Leggje til rette for spreidd busetnad og mindre byggjefelt i heile kommunen (Strategi 32)

Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmilja (Strategi 34)

### **Tema 5 Klima og miljø**

Me vil utvikle eit samfunn som er meir klima- og miljøvennleg og energieffektivt

Utvikle naudsynt infrastruktur slik at fleire skal kunne nytte miljøvennlege transportmedel (Strategi 55)

Me vil ha ei samfunnsutvikling som er berekraftig og tilpassa klimaendringane

Byggje ut infrastrutur som legg til rette for mjuke trafikanter (Strategi 59)

### **Tema 6 Livsmeistring og fellesskap**

Me vil at innbyggjarane i Lindås kommune opplever god livskvalitet og meistring i eigen kvardag

Utvikle nærmiljø, arenaer og møteplassar som sikrar at alle kan delta og høyre til (Strategi 72)

Arbeide for at alle har like moglegheiter til å delta på kultur-, aktivitets- og fritidstilbod (Strategi 73)

Fremje folkehelse og styrke førebyggjande arbeid i alle sektorar (Strategi 76)

### **Tema 8 Samfunnstryggleik og beredskap**

Vi skal ivareta innbyggjarane sin sikkerhet og tryggleik, og på den måten redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur


Arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik i samfunnet generelt (Strategi 94)

Kommuneplanens arealdel (KPA 2011) har som styringsverktøy rammer for arealbruk og krav til funksjonar innan for planlagde område. Det føreslegne planområdet er eksisterande

veganlegg med omsynssone knytt til støy. Støysona er i all hovudsak LNF-område. Vidare er planområdet innan for omsynssone for nedslagsfelt til industrivassforsyning heilt i nord (Ajurset-, Eids-, Tykkheller- og Austevatn samt Skodvinvassdraget) og sjølve skuleområdet i sør.

#### Arealbruksføremål og føresegn

Areala innan for planområde kring Skodvin skule er offentleg, parkering og idrettsanlegg. Det er og to omsynssoner som dekker området, støy og landbruk.



Utsnitt KPA 2011-2023 – Skuleområdet

Areala innan for planområde kring Vågseidet er LNF. Plangrensa følgjer rett utanfor dei to næringsområde som ligg i KPA. Dei to omsynssoner gjeld støy og KDP Lindåsosane.



Utsnitt KPA 2011-2023 - Vågseidet

**Framlegg til plan**





Planområde (oppstart 2015) strekk seg frå Skodvin skule til Vågseidet, ei strekning på o lag 3,2km. Område vart i 2017 noko utvida heilt i sør og nord.

Det er utarbeida et fylldig grunnlagsmateriale for framlegget til plan. Det gjeld fleire fagrapportar over ulike plantema. Me tar opp nokre av dei nedanfor. Sjå elles planskildringa for samandrag av dei ulike plantema

Skildringa av dagens situasjon kring planområdet (s.10-29) syner ingen overraskingar. Det er etablerte tilhøve langs ein fylkesveg der samanhengande tilbod til mjuke trafikantar manglar.


Skildringa av framlegget til plan (s.30-51) syner at trafikktryggleik vert tatt på alvor og at tilhøva for mjuke trafikantar forbetra. Vidare er det plan for utbetringar av avkøyrslø, busshaldeplass og parkering.

Det er utarbeidd ein VA-rammeplan for prosjektet. Føremålet og målsetjinga med denne er for det fyrste å sikre handtering av overflatevatn langs veganelgget. For det andre gjeld førebygging av ureining. Arbeidet vil gå langs brønnar, vatn og vassdrag og seinare er det å sikre desse i tilfelle det skulle skje uønska hedningar på vegen.

Planframlegget er todelt i så måte at det frå Skodvin skule til Nord for Gaulenvatnet vert det bygd GS-veg vest for FV57. På del 2 vert FV57 flytta mot aust.

Verknadar av plan (s.52-60) vil etter planen forbetra tilhøva for mjuke trafikantar om det er skuleelevar eller forbipasserande i vesentleg grad. Utbetringar knytt til avkøyrslø og kryss vil monleg gjere strekninga meir trafikksikker for alle typar trafikantar. ved gjennomføring


Gjennomføring av plan (s.62-69) vil skje når strekninga er finansiert i regional transportplan (RTP), mao. inne på invetseringsprogrammet for fylkesvegar. Det er i detalj skildra korleis tema som mellom anna støy, vibrasjon og luftforureining vert handtert i anleggsperioden.



**Utsnitt framlegg til plan ved Skodvin skule.**  
Frå området kring Skodvin skule med løysing for GS-veg og kryssing av FV57.

Utbetring av kollektivområde og ny parkering på nordsia av Skodvinsvegen.

Delar av desse areala er sett av til parkering og idrettsanlegg i arealplan. Tilhøvet er skildra i plandokumenta



**Utsnitt framlegg til plan kulturminne.**  
Frå området for parkering Skausnøya (austre side) og del av «Den Trondhjemske Postvegen».

Postvegen som kulturminne (mørk grøn) er lagt ut med eige arealbruksføre mål vern av kulturmiljø/minne og med naudsynt omsynssone bevaring.

**Utsnitt framlegg til plan – Vågseidet.**

Frå området Vågseidet med kryssløysing mot Myking og Sævråsvåg.

Drikkevasskjelde er med som omsynssone. VA-rammeplan og førsegnene omhandlar handtering av overvatn og førebyggjande tiltak mot ureining er skildra i ROS-analysa.



## Fagrapportar – Plantema

Til grunnlag for framlegget til plan er det utarbeida fleire fagrapportar knytt til særskilte plantema.

Administrasjonen vil peike på nokre av desse:



### Kulturmiljø

Der er nokre ulike registreringar innan for eller tett opp til planområde som gjeld kulturminne og kulturmiljø. Det sentrale elementet i området er uansett «Den Trondhjemske Postveg». Planområdet rører ved del av traséen som ligg i Nasjonal verneplan for veg. Det er utarbeida eige notat i høve til postvegen og alternativ for 2 konkrete konfliktpunkt.


Sjå rapporten (s.12-21) for skildring og vurdering av dei ulike kulturminne og –miljø. Framlegg til tiltak i høve til dette plantema finn ein på s.22.



### Ferskvatn og vassdrag

Fagrapport syner ikkje raudlisteartar eller verneverdige tihøve i planområdet. Det er likvel viktig å peike på at største negative påverknaden på artar er generelle arealendringar. Når det gjeld vatn og vassmiljø er det særleg konkrete tiltak som tørrlegging av bekkeløp, drenering og fylling av massar som er uheldig. Det er vidare peika på at moglegehetn for fiskevandring er viktig. Ved gjennomføring er tilslamming og tilførsel av finsediment særleg viktig å unngå.

Som utgangspunkt førset ein at VA-rammeplan for anlegget skal fange opp avrenning frå vegen som kan ha skadeverknad for vassmiljøet. Ein skal arbeide for å overhalde dei miljømåla som ligg for Vassregion Hordaland.



### Nærmiljø og friluftsliv

I høve til nærmiljø peiker rapporten på at samanhengande GS-veg knyter bygda saman og gjev eit trygt alternativ for ferdsel mellom bustad, skule, butikk og ungdomshus.

I høve til friluftsliv vil gjennomføringa av plan gje auka og tryggare tilkomst til innfallsportar til frilufts- og turområde.

### **ROS-analyse** (frå konklusjon s.18)

«Planområdet fremstår generelt, med de tiltak som er beskrevet og forutsatt fulgt, som lite til moderat sårbart for identifiserte potensielle uønskede hendelser. Det har blitt gjennomført en innledende fareidentifikasjon og sårbarhetsvurdering av de temaer som gjennom fareidentifikasjonen fremsto som relevante. Følgende farer har blitt utredet:

- Skredfare og ustabil grunn
  - Skogbrann
  - Drikkevannskilder
- Ekstremnedbør (overvann)
  - Transport av farlig gods

*Det er gjennom fareidentifikasjon, sårbarhetsvurdering og risikoanalyse identifisert avbøtende tiltak som det ut fra samfunnssikkerhetshensyn anbefales å gjennomføre for å unngå å bygge ytterligere sårbarhet inn i dette planområdet. Tiltakene er sammenfattet nedenfor og må følges opp i det videre planarbeidet. Såfremt de anbefalte avbøtende tiltak gjennomføres vil risiko og sårbarhet ved dette fylkesveganlegget være tilsvarende eller lavere enn andre lignende anlegg i regionen»*

### **Vurdering**

#### **Plandokumenta**

Til framlegget til plan er det utarbeid eit naudsynt og fyldig planmateriale. I tillegg til dei vanlege og pålagte planskildring (151117), plankart (151117), føresegner (151117) samt ROS-analyse (221217) er det eit sett med fagrapportar og vegteknisk dokumentasjon. Litt av omsyn til plass er ikkje alt lasta opp på sak da det i utgangpunktet ikkje har relevans for spørsmålet om plan.

Framlegget til plan er grundig gjennomarbeida og grunnlag for ulike plantema er utarbeidd. Dei delane av materialet som er gjeld sjølve planarbeidet synast fullnøyande både i høve til det som gjeld trafiksikring og vegutforming, men og dei tilhøve som skal takast i vare lokalt. Ein ser ikkje grunn for at ein ved gjennomføring ikkje skal kunne oppnå dei målsetingane som er satt for arbeidet

ROS-analyse tar utgangspunkt i DSBs veiledning «Samfunnsikkerhet i kommunens arealplanlegging» og akseptkriteria fastsett for Lindås kommune. Framstillinga av sannsyn og konsskvens er gjort på anna måte enn ein er vant med, men vurderingsanen knytt til dei 5 fare-temaene som er vurdert kjem godt fram. Admintsarsjonen meiner at dei avbøtande tiltaka som er skildra (Oppsummering s.18) som utgangspunkt er fullnøyande. Størst risiko for skade på omgivandane er ei større uønska hending knytt til transport av farlig gods og kjemikalier. Viktige rammer ligg i VA-rammeplan og føresegnene.

.....



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
043/18	Levekårsutvalet	PS	28.08.2018
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Inger Marie Jordal	15/278

## Ny Alversund skule og fleirbrukshall – Forprosjekt

### Vedlegg:

Vedlegg 1A - Skildring av bygget  
Vedlegg 1B - Planløyisingar før og etter  
Vedlegg 2A - Plan 01  
Vedlegg 2B - Plan 02  
Vedlegg 2C - Plan 03  
Vedlegg 2D - Fasader  
Vedlegg 2E - Hovedsnitt  
Vedlegg 3A - Gulvplan 01  
Vedlegg 3B - Veggplan 01  
Vedlegg 3C - Himlingsplan 01  
Vedlegg 3D - Gulvplan 02  
Vedlegg 3E - Veggplan 02  
Vedlegg 3F - Himlingsplan 02  
Vedlegg 3G - Gulvplan 03  
Vedlegg 3H - Himlingsplan 03  
Vedlegg 3I - Veggplan 03  
Vedlegg 4A Landskapsplan\_01  
Vedlegg 4B Landskapsplan\_Forplassen\_01  
Vedlegg 4C Landskapsplan\_Skolegården\_01  
Vedlegg 4D Landskapsplan\_Skogslek\_01  
Vedlegg 4E - Snitt lekeskråning  
Vedlegg 4F - Snitt Multibane\_01  
Vedlegg 4G - Detaljplan Regnbed  
Vedlegg 4H - Detaljplan Våtmark  
Vedlegg 5 - Infrastruktur - vei  
Vedlegg 6 - VA-plan  
Vedlegg 7 - Områdeplan for Alversund - april 2018

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret vedtar forprosjekt for ny Alversund skule og fleirbrukshall slik det ligg føre i saka.
2. Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma frå 280 millionar kroner til 290 millionar kroner for prosjektet.

.....

### Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

## **Bakgrunn**

Skisseprosjektet for ny Alversund skule vart vedtatt 25.01.18 i formannskapet. Revidert romprogram vart vedtatt 03.05.18 i kommunestyret. Samspelsfasen med Constructa Entreprenør AS er no ferdig etter 6 månader.

I samspelsfasen har områdeplanen for Alversund vore under utarbeiding. Endelig vedtak av områdeplan var opprinneleg planlagt i juni 2018, men Fylkeskommunen varsla same månad motsegn i planprosessen knytt til kulturminne. Som ein konsekvens av dette vart handsaming av områdeplanen utsett til november 2018.

Administrasjonen ønskjer i denne saka å legge fram heile forprosjektet for godkjenning, sjølv om områdeplanen ikkje er vedtatt og prosessen med tomtekjøp ikkje er avklart. Målet med godkjent forprosjekt er å kunne inngå totalentreprisekontakt med Constructa Entreprenør AS.

## **Vurdering**

### **Element knytt til bygget**

Samspelsmodellen er ei funksjonsbasert konkurranseform der ein let entreprenøren med deira team få fridom til å løyse oppgåva på ein økonomisk og teknisk god måte. Samspelet er basert på brukarmedverknad. Målet med samspelsfasen har vore å optimalisere element som ikkje var løyst godt nok i tilbodet frå det vinnande teamet.

I samspelsfasen har kvart klassetrinn fått eigen inngang, eigen garderobe og eit eige heimeområde. Det er eit romleg skuleorg i senter av bygget, og fellesfunksjonane er samla rundt skuletorget. Bygget har i stor grad transparente løysingar.

Endringane som er gjort i samspelsfasen har vore naudsynte for å skape eit godt og funksjonelt bygg. Det har vore fleire rundar i prosjektgruppa for å kutte kostnader. Prosjektgruppa meiner at bygget treng dei elementa og kvalitetane som no blir presentert etter samspelsfasen. Bygget og utearealet med dei endringane som er gjort i samspelsfasen er skildra i vedlegg 1A og 1B.

### **Element knytt til områdeplanen**

Då konkurransen vart utlyst i mai 2017 låg det ikkje føre utkast til plankart med føresegner. Vegbreidder, plassering av vegar, omfang av nødvendige gang- og sykkelvegar, omfang av VA-arbeid mm. vart vurdert, men ein hadde ikkje føresetnad for å få med seg alle elementa som ville komme i planarbeidet. Denne usikkerheita hadde ein tatt høgde for i prosjektet.

Områdeplanen har vore på offentleg høyring. Vi har eit sikrare bilete av kva som må vere med av infrastruktur knytt til skuleprosjektet, men nokre element er framleis uavklarte. Auka kostnadar knytt til vatn, avløp, veg og handtering av kulturminner er ikkje rekna inn i investeringsramma for prosjektet, dette vil bli avklart når det ligg føre ein endelig vedtatt områdeplan.

### **Kjøp av areal til skuletomt og infrastruktur**

Det er dialog mellom grunneigarane og kommunen knytt til kjøp av skuletomt, og det er ønskje om å få til ei avklaring på dette i løpet av hausten 2018. Behov for areal til

infrastruktur inn til skulen vil bli endelig avklart når områdeplanen blir vedtatt.

### Kulturminne

Det ligg fire kulturminne i planområdet. Basert på tidleg dialog mellom planavdelinga og fylkeskommunen, har ein ikkje sett på dette som problematisk. Etter høyringsrunden kom det likevel varsel om motsegn. Kulturminna må frigjevast med arkeologisk utgraving.

I tilkomstvegen inn til skulen ligg ei leinstove, truleg frå 1700-talet. Dette bygget er ein del av eit regionalt viktig kulturmiljø ved Alver. Museumssenteret og Fylkeskonservatoren skal undersøke om denne kan rivast eller flyttast.

I utgangspunktet er det ikkje tillat å starte arbeid i planområdet før kulturminna er frigjeve. Først når områdeplanen er godkjent vil fylkeskommunen starte arbeidet med planlegging av utgravinga. Ei arkeologisk utgraving vert berre gjennomført i sommarhalvåret.

Utbyggar (her kommunen) må koste den arkeologiske utgravinga og flytting eller eventuelt riving av leinstova. Det ser ut til at utgravinga tidlegast kan skje første halvår 2019. Områdeplanen skal etter planen opp i kommunestyret 01. november 2018, og eit planvedtak er pr. dags dato vesentleg for den vidare framdrifta.

Planavdelinga og prosjektavdelinga skal i dialog med fylkeskommunen for å finne løysingar på frigjeving av kulturminne. Det er ønskeleg å få til ei snarleg frigjeving og eventuelt frigje kulturminna knytt til tilkomstveg først. Utgraving av dei resterande kulturminna kan då pågå parallelt med byggjearbeider på tomta, dersom dette lar seg gjere.

### **Økonomi**

#### 1) Endringar etter samspelsfasen

Gjennom samspelsfasen har kommunen og Constructa Entreprenør AS jobba tett saman med brukarane for å betre løysingane i bygget. Endringane som er foreslått har etter prosjektet og rådmannen sitt syn vore naudsynte og bidrar til å skape eit framtidretta og funksjonelt bygg. For å kunne gjennomføre endringane i samspelsfasen er det behov for å auke investeringsramma med kr 4,5 mill. I tillegg har prosjektet vurdert posten for uforutsette kostnader, og i samsvar med prosjektstyringsreglementet vert det foreslått å legge inn 3,5% i uforutsette kostnader i neste fase. Det tilsvarar ei auke i posten for uforutsett på kr 5,5 mill.

Med optimalisering av bygg og auke i uforutsette kostnadar legg prosjektet fram forslag om å endre investeringsramma med kr 10 mill., frå kr 280 mill. til 290 mill.

Revidert budsjett etter samspelsfasen:

<b>UTGIFTER</b>	<b>Før samspel</b>	<b>Etter samspel</b>
Klimamidler	kr -3 000 000	kr -3 000 000
Forutsetning fordeling av pumpestasjon og vassleidning	kr -800 000	kr -800 000
Ny barneskule og fleirbrukshall	kr 197 552 000	kr 197 552 000
Endringer i samspelsfasen	kr 4 150 000	kr 7 750 000
Jurykostnader	kr 400 000	kr 400 000
Samspel - prosessleiar	kr 500 000	kr 500 000
Uavhengig kontroll	kr 550 000	kr 550 000
Byggherrekostnader (interne kostnader)	kr 500 000	kr 500 000
Laust inventar / utstyr	kr 7 450 000	kr 7 450 000

Fast inventar	kr 5 450 000	kr 5 450 000
Kunstnerisk utsmykking	kr 500 000	kr 500 000
Prosjektleiing ekstern bistand (IARK, juridisk bistand, mm)	kr 100 000	kr 100 000
Byggeleiing	kr 0	kr 0
Tomtekjøp	kr 0	kr 0
Off. gebyr/avgifter	kr 1 300 000	kr 1 300 000
Avsett til tiltak i 1. driftsår	kr 500 000	kr 500 000
Uforutsett	kr 3 600 000	kr 8 000 000
<b>SUM ekskl. mva</b>	<b>kr 218 752 000</b>	<b>kr 226 752 000</b>
<b>Mva</b>	<b>kr 54 700 000</b>	<b>kr 56 700 000</b>
Anleggsbidrag - straum	kr 970 000	kr 970 000
Byggherreansvarforsikring, KLP (mva. fritt)	kr 100 000	kr 100 000
Prosjektleiing	kr 3 100 000	kr 3 000 000
Konkurranshonorar (mva. fritt)	kr 1 375 000	kr 1 375 000
Planleggings- og prosjekteringskostnader for konkurransegrunnlag	kr 1 050 000	kr 1 050 000
<b>Budsjett:</b>	<b>kr 280 000 000</b>	<b>kr 290 000 000</b>

## 2) Kostnader med infrastruktur og arkeologisk utgraving av kulturminner

Det er områdeplanen som legg grunnlaget for kva behov prosjektet har for infrastruktur, det gjeld vegar, gang- og sykkelveg, grønne områder, vatn og avløp. Ettersom områdeplanen ikkje er vedtatt, er ikkje dei justerte kostnadene med infrastruktur lagt inn i investeringsramma for prosjektet. Dette vil bli avklart når områdeplanen er endelig vedtatt. Basert på skissene som ligg i framlegget til områdeplan er det estimert ein kostnadsauke på kr 12 - 15 mill. til infrastrukturtiltak.

For å sikre ei gjennomføring, må prosjektet også finansiere ei arkeologisk utgraving og ei flytting eller riving av lemstova. Kostnadane med dette er ikkje avklart, men basert på erfaringstal kan det fort vere snakk om rundt kr 5 mill. for slike tiltak. Avklaring på desse kostnadane må prosjektet kome attende til.

Dette betyr at det er estimerte kostnader for infrastruktur og handtering av kulturminner på ca. kr 17 - 20 mill. som ikkje er tatt med i investeringsramma. Endeleg investeringsbehov for prosjektet blir avklart når områdeplanen er vedtatt.

Reell LPS vil bli belasta prosjektet. Det er ikkje inngått fastprisavtale. LPS vert lagt inn i kvart år i økonomiplanen.

## Usikkerheit og risiko

Målet med å legge fram heile forprosjektet til handsaming i denne saka er å kunne inngå ein totalentreprisepålegg med entreprenøren Constructa, slik at ein kan starte prosessen med detaljprosjektering av bygg og infrastruktur.

Det at områdeplanen for Alversund ikkje er vedtatt og at det må gjennomførast arkeologisk utgraving og handtering av kulturminner, skapar ein viss usikkerheit, i tillegg til at kommunen ikkje har sikra seg areal til skuletomt og infrastruktur. Etter rådmannen si vurdering er ikkje desse forholda ein stor risiko for sjølve gjennomføringa av prosjektet. Riksantikvaren har meldt tilbake at kulturminna vil bli frigitt ved arkeologisk utgraving. Usikkerheita er knytt til når dette skal skje og om kommunen får starte arbeidet med skulen parallelt med utgravinga. Foreløpig ser det ut til at desse prosessane vil utsette skuleprosjektet ca. seks månader. Det



er også avklart at lemstova anten skal flyttast eller rivast, men det er ikkje avklart når det skal skje.

Når det gjeld kjøp av skuletomt har det vore dialog mellom grunneigarar og kommunen i lengre tid, og det er ønskje frå kommunen si side å få til ei frivillig løysing så snart som mulig. Når det gjeld behov for areal til infrastruktur vil det vere områdeplanen som legg grunnlaget for det. Om ein ikkje kjem fram til frivillig løysing, er det mulig å bruke reiskap i plan- og bygningslova for å kunne tiltre areal det er behov for.

**Framdrift:**

Opprinneleg plan er byggestart i januar 2019 og ferdigstilling i juni 2020. Men med forholda som er skissert i saken, er det mest realistisk med oppstart på byggjeplass over sommaren 2019. Det betyr ferdigstilling ved årsskiftet 2020/2021.

**Konklusjon og tilråding**

Rådmannen rår til å godkjenne forprosjektet for ny Alversund skule og fleirbrukshall.

.....